

Kva skjer i Ål i sommar ?

Ål Utvikling AS

Boks 35, 3571 Ål
Tlf 32 08 43 60
post@alutvikling.no
www.al.no



Ål, 20. juli 2011

Arrangement i Ål

Ål-dagen Laurdag 30. juli er det klart for denne tradisjonsrike marknadsdagen i Ål sentrum. Me vil gjerne presentere programmet for dagen, sjå [her](#) eller på vedlegget. Velkomen til ein triveleg aktivitetssdag for store og små !



Sjå elles den alltid oppdaterte arrangementskalenderen for Ål på www.al.no . Der finn du detaljert info for det som skjer i Ål. Her er eit lite utdrag:

Laurdag 06.08 - konsert med [Hellbillies i Ål Folkepark.](#)

Sundag 22.08.2010 - Leikskeid i lungsdalen m/ Bjørn Eidsvåg og Stein Torleif Bjella. Billettbestilling [her](#) . (Leikskeid laurdag er utselt).

Laurdag 03.09 – [Idemyldredag på Sundre.](#) Kom med innspel til utviklinga av Ål sentrum. Sjå vedlegget.

Opplev kulturskattane i Ål sentrum Kvar onsdag kl. 16.00 og laurdag kl. 13.00 t.o.m. 17. august kan du oppleve kulturskattane i Ål sentrum med dyktig guide. Då går turen bl.a. til Nesch-museet og Stavkyrkjemuseet med dyktig guide.

www.aal52.no med mange nye turforslag Det er no lagt ut mange nye turskildringar og kart på nettstaden www.aal52.no. Ta ein titt og skriv ut dei turane du vil prøve deg på. Totalt er det no bortimot 50 turar å velje mellom, flesteparten vandreturar, men og nokon sykkelturar.



Informasjon frå Bergsjøområdet. I den nye sommarbrosjyra for Bergsjøområdet finn du oppdatert info om turforslag og aktivitetar i området m.m. Sjå den [her](#) . Nyheit: No kan du fiske i store delar av Bergsjøområdet med berre eit fiskekort. Sjå detaljar om dette i brosjyra. For barn og unge er det verdt å prøve fiskelykka i Olavtn ved Rødungstøl Høyfjellshotell, der er sett ut ein del stor aure.



Følg Ål i Hallingdal på Facebook .

Me har nyleg laga ei ny og meir moderne facebookside for [Ål i Hallingdal](#) og vil tipse deg om å like den sida dersom du er brukar av facebook. Der legg me ut siste nytt, bilete m.m. Ta ein kikk ! (den gamle facebookgruppa Ål i Hallingdal blir ikkje lenger oppdatert).

Fortsatt god sommar !

Med helsing Ål Utvikling AS

Kari Grete Kleivstøl